

## Saksprotokoll

---

**Organ:** Komité for samfunnsutvikling

**Møtedato:** 19.05.2020

---

**Sak nr.:** 20/3911-3

**Internt l.nr.** 10820/20

**Sak:** 19/20

**Tittel:** Saksprotokoll - Rapport Sogndal kulturhus - Korleis møte framtida?

### Handsaming:

**Frå rådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Komité for samfunnsutvikling rår formannskapet til å gje slik tilråding:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

Saka vert lagt fram utan konkret tilråding. Rådmannen sine synspunkt går fram av saksframlegget.

### Endringsframlegg:

**Komité for samfunnsutvikling** sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret har som intensjon å styrke Sogndal kulturhus som ei kulturell storstove for Sogndal kommune og regionen elles. Sogndal kulturhus skal vere ein naturleg samlingsplass for innbyggjarane våre.
1. Sogndal kulturhus skal organiserast som del av kulturadministrasjonen i kommunen. Vi ber om at administrasjonen legg fram ei sak om dei økonomiske konsekvensane for ei slik løysing.
3. Administrasjonen bes lage ei oversikt med alternativ for bruk av kulturhuset, for å synleggjere moglege ambisjonsnivå.
4. Kommunestyret ber administrasjonen kartlegge kva kulturelle aktivitetar som kan leggest til Sogndal kulturhus og synleggjere den økonomiske konsekvensen av ei eventuell endra lokalisering/ endra bruk.
5. Administrasjonen bes legge fram ei oversikt over dei budsjettmessige konsekvensane for 2021 innan kommunestyret i juni.

### Avrøysting:

Framlegget frå komité for samfunnsutvikling vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Komité for samfunnsutvikling rår formannskapet til å gje slik tilråding:  
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Kommunestyret har som intensjon å styrke Sogndal kulturhus som ei kulturell storstove for Sogndal kommune og regionen elles. Sogndal kulturhus skal vere ein naturleg samlingsplass for innbyggjarane våre.
2. Sogndal kulturhus skal organiserast som del av kulturadministrasjonen i kommunen. Vi ber om at administrasjonen legg fram ei sak om dei økonomiske konsekvensane for ei slik løysing.
3. Administrasjonen bes lage ei oversikt med alternativ for bruk av kulturhuset, for å synleggjere moglege ambisjonsnivå.
4. Kommunestyret ber administrasjonen kartlegge kva kulturelle aktivitetar som kan leggest til Sogndal kulturhus og synleggjere den økonomiske konsekvensen av ei eventuell endra lokalisering/ endra bruk.
5. Administrasjonen bes legge fram ei oversikt over dei budsjettmessige konsekvensane for 2021 innan kommunestyret i juni.